

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 1 – 2017

Våren 2017

Årgang 47



INNHALD

Andakt av Audun Systad	s.3
Luther-tema på Tid for tru våren 2017	s.4
Nytt om tilsette	s.5
Resultat fasteaksjonen	s.6
Gudstenester i St. Olafs kyrkje	s.7
Kyrkjegardsdugnader	s.7
Mange på Addis, men plass til fleire	s.8
Arnborg Grinde takka av som klokkar	s.9
Barnas side	s.10
Korfest - to barnekor i Tjugum i februar	s.11
Påskegudstenester	s.11
Peter Hognestad og nynorsk i kyrkja	s.12
Årsrapport, rekneskap og statistikk	s.14
Lutherbok - bokmelding	s.16
Dagstur til Hyllestad pinsa 2017	s.17
I glede og sorg. Annonser.	s.18
Konfirmantside	s.19
Gudstenesteplan	s.20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 1 - 2017 - 47.årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr.400, store annonser kr.750.
Heilside etter avtale.

Framsidefoto:

*Esefjorden og Ytre Ese med fjella Spenadn og Munkeggi i
bakgrunnen.*

Foto: Jostein Risa



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:
Tysdag-fredag kl. 10 - 14

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND
Telefon: 57 69 15 48
E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no
Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Prost Kjetil Netland

(ansvar for prestetenesta i Balestrand)
Ring for avtale. Er fast i Sogndal tysdagar.
Telefon kontor: 57 69 16 80
Mobiltelefon: 911 03 134
E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

80 % stilling
Telefon kontor: 57 69 15 48
Mobiltelefon: 920 60 832
E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organistvikar Ole Agnar Helland

(30 % stilling. Vikar til 17. september 2017)
Mobiltelefon: 984 16 333
E-post: ag-hella@online.no

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)
Mobiltelefon: 901 15 667

Kyrkjelydspedagog - VAKANT

(25 % stilling i Balestrand)
E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Aleksander Dale

13,5 % stilling (Tjugum kyrkje)
Mobiltelefon: 974 08 434

Leiar i Balestrand sokneråd

Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001
E-post: helge.ulvestad@online.no

Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Kvardagar: 17.00-08.00
Helg/høgtid: Heile døgnet

I desse tidsromma er ein av prestane i prostiet i
beredskap. Vakttelefonen nyttast om ein har bruk for
prestetenester som ikkje kan vente (t.d. dødsbod,
soknebod for døyande, sjelesorg/støtte i kritiske
situasjonar.)

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.



Andakt

Sommarfuglen – eit teikn på oppstoda



Dette skriv eg på ein dag med regn og sludd i slutten av mars. Heller ikkje her ute ved kysten har vinteren heilt sleppt taket. Mange drøymmer slike dagar om lysare tider med vårsol og teikn på nytt liv. Ja visst, krokusen og påskeliljene er der, og den som har budd i prestegarden på Lunde, gløymer heller ikkje dei hundrevis av påskeliljer som pryda området der. Skaparverket er fantastisk med sine livsprossar, som òg alltid har gåter ved seg.

Påskeevangeliet ber med seg tonane som jublar over Jesu oppstode frå dei døde. Påskedagen var dagen då «døden døydde», som ein treffande har sagt det. Han som var død og låg i grava, har stått opp og gått over i eit liv som døden ikkje har makt over. Difor har òg sommarfuglen heilt frå oldkyrkja vore eit kjærteikn på oppstoda. Larva er då bilete på det jordiske livet og kokongen (puppa) på grava. Sommarfuglen er dermed ei påminning om at det evige livet på den andre sida av det stille mørkret fortset i ei anna form.

Alt dette minner oss om det som skjedde med Jesus i påskeveka, og difor skal all kristen forkynning vere med å peike på han som er grunnen for vårt håp. Paulus seier det slik: “men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn. Fordi døden kom ved eitt menneske, så er òg oppstoda av dei døde komen ved eitt menneske” (1.Kor. 15,20-21).

Alle evangelia skildrar at Jesus stod levande opp frå grava, og dei varierende detaljane underbyggjer truverdet

hos kjeldene. Hos Johannes er der ein viktig detalj frå grava: ”Simon Peter ... såg linkleda som låg der og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg” (Joh. 20, 6-8).

Me veit at puppa er staden der ei larve kviler seg før ho vert eit vakse insekt, ja, ein sommarfugl. Når den nye, vakre skapningen kjem fram, ligg berre puppa att. Då linkleda låg att i grava som ei sommarfuglpuppe. vart sommarfuglen teiknet på det nye livet som braut fram påskedag!

Johannes gjekk inn i grava, og det står: ”Han såg og trudde”. Ordet som er brukt om “såg” kan òg bety “visste”. Skal me få tru at Gud i sin godleik nett ordna eit teikn som kan vere godt for både tanke og tru? Tenk på det neste gong du ser ein sommarfugl!

Då har verda fått sjå eit håp som ”ein sommarfugl i vinterland”, slik songaren syng det: ”Deg være ære, Herre over dødens makt”!

Audun Systad

PS! Hjarteleg velkomne til alle i Balestrand kyrkjelyd på tur utover til Hyllestad i pinsa!

Med livet som innsats

På Tid for tru tok Kjetil Netland på etterjuls vinteren for seg Martin Luther, den store reformatoren, i fire interessante og tankevekkjande foredrag.. Her vart det kasta lys både over den urolege tida han levde i og over den merkelege mannen sjølv, han som gjennom dei siste 500 åra meir enn nokon annan har prega kristendomsforståinga over heile verda.

Grunnen til at det just i år er så stor merksemd rundt Luther, er at det er 500 år sidan han etter tradisjonen spikra opp setningane mot avlaten på kyrkjedøra i Wittenberg. Det han der sette i verk vart ein eld som med lynfart spreidde seg over heile Europa. Tesene var skrivne på latin og var tenkt som diskusjonsgrunnlag mellom lærde, men vart fort omsette til tysk og vart lesne med stor interesse.

Luther ville ikkje skapa eit nytt kyrkjesamfunn, men heller retta opp det skeive og skakke i den katolske kyrkja. Likevel skapte det han skreiv og talte så stort oppstyr at både keisar og pave skalv. Keisaren i det tysk-romerske riket sette han i riksakt (gjorde han fredlaus) og paven lyste han i bann. Likevel kom han velberga gjennom alt dette, ikkje minst fordi kurfyrst Fredrik den vise heldt si hand over han og sette den tidlegare munken til professor på det nyoppretta Universitetet i Wittenberg. Den nyoppfunne trykkjekunsten hjalp Luther med å nå langt ut med det han talte og skreiv. Skriftene kunne spreia i tusental og trykkjast i opplag på opplag. Vidare sette han seg føre å la folket få bibelen på morsmålet, og



i det lukkast han så godt at han i ettertid er blitt rekna som den fremste skaparen av det tyske språket. Det fanst biblar på tysk før hans tid òg, men ordstillinga var skjemt av latin og gresk.

Elles la òg bibelhumanistane grunnlag for reformasjonen. Desse var opptekne med å gå tilbake til kjeldene, og han som vert rekna som Europas mest lærde på den tida, Erasmus frå Rotterdam, hadde laga til eit gresk nytestamente. Dette brukte Luther som grunnlag for omsetjinga til tysk, som han gjorde unna på under tre månader i einsemnda på Wartburg. I omsetjinga av det gamle testamentet hadde han mange medhjelparar, mellom anna Philipp Melancton, greskprofessoren.

Hovudpunktet i reformasjonen er Luther si gjenoppdagging av evangeliet. Det hadde blitt tilsøra og var hamna i skuggen av filosofi og mennesketankar, slik at vegen til Gud var blitt så overgrodd av villvekst at han var vanskelig å finna. Så først då Gud fekk visa Luther sjølv evangeliet, vart den tidlegare munken sett i stand til å hjelpe andre til å sjå det same.

Det Luther fekk sjå, var at vegen til Gud ikkje gjekk gjennom gjerningar, men derimot gjennom tru. Han som hadde streva seg nesten til døde gjennom munkefromheit og eigne gjerningar, fekk sleppa alt dette og ta imot frelsa gjennom tru på den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Eigne gjerningar, om dei er aldri så fromme, vert for puslete og vil aldri verta anna enn litt krusling på overflata. Det totalfortapte mennesket treng ei fullkomen frelse.

Det er mange meiningar om Luther, og motstandarane hans er mange. Slik var det då han levde og slik er det framleis.

Tilskiparane skal ha stor ros for satsinga gjennom "Tid for tru". Her samlast dei som måtte ha syn for verdien av dette, ein plass mellom 20 og 30 personar til felles måltid, undervisning, drøftingsspørsmål og kjapp gjennomgang av svara.

Konseptet fungerer godt. Her er tid til samtale om både kvardagslege og åndelege ting – sjølvskrivne song av Anne og Kari på siste samlinga gjorde òg stor lukke. Det heile er med andre ord både oppbyggjande og fellesskapsbyggjande, begge deler av stor verdi.

Til slutt: Det vart både på første og siste samlinga trekt fram at ordet protestant er for negativt. Forsamlinga vart oppfordra til å reflektera over dette, og ein sa: "Når eg tenkjer på det det vart protestert imot, er det ei stor ære for meg å vera protestant." Denne oppfatninga deler han som skriv desse linjene.

Kjell Helland



Takk til kyrkjelydspedagog Rut Solveig

Kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland har gjort ein framifrå jobb med born og unge i Balestrand sidan 2013, men går no over i ei stilling i kommunen.



Rut Solveig har «delt den gode skatten» med mange born og unge medan ho har jobba som kyrkjelydspedagog. Her frå 23.10.2016. Foto: J. Risa

Rut Solveig Nydal Netland byrja etter påske i 100 prosent fast stilling som lærar i vaksenopplæringa i Balestrand (norskopplæring for flyktningar).

Ho har vore tilsett som kyrkjelydspedagog frå august 2013 i 50 prosent stilling, der arbeidstida har vore fordelt likt mellom Vik og Balestrand.

Stillinga er finansiert av statlege trusopplæringsmidlar og ein eigendel frå Balestrand, men det har diverre ikkje vore nok midlar til å kunne tilby full stilling. Stillinga som kyrkjelydspedagog vil snart verte lyst ut.

Markering i gudstenesta 11.juni

Rut Solveig vil verte takka av i gudstenesta i Tjugum kyrkje 11.juni 2017 kl.17.00 og kyrkjekaffien etterpå. Ho understrekar at ho framleis er ein del av kyrkjelyden og at ho gjerne vil ta del i det frivillige kyrkjelydsarbeidet, t.d. babysong og barnesamlingar under gudstenestene.

Kyrkjetenarstillinga

Kyrkjetenarstillinga vert ledig til sommaren

Aleksander Dale har jobba som kyrkjetenar i Tjugum frå hausten 2015 og har også hatt reinhaldet i kyrkja og kyrkjestova. No er han snart ferdig på Sygna vgs og skal vidare i militærteneste og studiar. Også han vil verte takka av i gudstenesta i Tjugum 11.juni.

Soknerådet prøver no å finne nokon som kan ta over som kyrkjetenar i alle kyrkjene - inkludert gravferder på vekedagane. (Dette har vist seg utfordrande tidlegare og kyrkjevevja har difor i fleire år vore kyrkjetenar i Sæle og i gravferder på timebasis.) Inkludert reinhald kan stillingstorleiken for ei slik samla stilling kome opp i ca. 27 prosent av full stilling.



Ei av oppgåvene til kyrkjetenaren er å ringe med kyrkjeklokkene. I Tjugum kyrkje er det automatisk ringeanlegg, men Aleksander har også fått ringt med kyrkjeklokka i Sæle kyrkje. Foto:

J.Risa

Kafé Møteplassen

Kvar måndag står dørene til Kafé Møteplassen opne frå 17.00-20.00. Lokalet er bedehuset i sentrum, og her kan borna spele spel og leike i lag medan dei vaksne slår av ein prat og tek ein kopp kaffi med noko attåt.



Kafeen er gratis og har framleis ein viktig funksjon: Her kan dei som nyleg har flytta hit, møte dei som har budd her lenger, i ei uformell ramme.

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson tek smilande i mot alle som stikk innom og takkar her alle som bidreg med bakst og praktisk hjelp. Kafeen er open kvar måndag fram til skuleferien, med unntak av 1.mai og 5.juni (2.pinsedag).

Siste opningsdag før sommaren er då 12.juni.

Fleire organistar i aksjon i Balestrand

Viktige medspelarar i kyrkjelyden

Organist Jorunn Høines har fått barn nummer to og har permisjon til ut i september. I permisjonstida er fleire personar innom som organistvikarar i Balestrand.

Laila Vang

Laila Vang har har spela ved dei fleste gudstenestene til no i vår. Ho har pianobakgrunn og har ikkje spela kyrkjeorgel tidlegare, men har kasta seg ut i det og prøver seg no på både pipeorgelet frå 1905 i Tjugum kyrkje og det elektroniske orgelet i Sæle kyrkje. Ho har også teke i bruk pedalane heilt frå starten, noko som tek litt tid å kome inn i når ein er vand med å spele berre med hendene.

For å få hjelp til å kome i gang, har ho fått nokre undervisningstimar på orgelkrakken i Tjugum i lag med kantor i Leikanger, Hallgeir Øgaard Westli. Han har kunna rettleie i bruk av instrument, speleteknikk og val av musikk. Soknerådet ser på dette som ei god investering for framtida, av di det alltid vil vere bruk for organistvikarar, t.d. i feriar, frihelger og høgtider. Laila seier sjølv at det å lære å spele kyrkjeorgel er ein draum som no går i oppfylling.

I tillegg til spelinga i helgene jobbar Laila full stilling som lærar på Sygna. Ved gravferdene på vekedagane må dermed andre steppe inn.

Lars Einar Bakketeig

Ved gravferder er det fleire ulike organistar inne, men

den som oftast har site ved spelepulten ved desse tenestene er Lars Einar Bakketeig. Han har vore jamleg vikar i Balestrand dei siste åra, både ved gudstenester, gravferder og vigslar. Han har lang reiseveg sidan han er busett på Kaupanger, men han har vore organist fleire stader i Sogn gjennom fleire tiår – dei siste par åra i Vik. Vi er takksame for han og dei andre organistane som villig stiller opp som vikarar på kort varsel.

Ole Agnar Helland

Frå og med 30. april (konfirmasjonane) og resten av permisjonstida til Jorunn Høines vil Ole Agnar Helland vere organistvikar i Balestrand. Han vil då spele både ved gudstenester, vigslar, gravferder og nattverdssamlingar på Helsetunet fram til midten av september.

Ole Agnar er busett i Vik, der han har hatt 40 prosent stilling som prest, men han går no av med pensjon og sluttar som prest 1. mai. Han er kjend i kyrkjelyden sidan han var prestevikar i halv stilling i Balestrand, Feios og Fresvik for nokre år sidan, og han har jobba både som organist og prest: Totalt 10 år som organist (den lengste perioden i Kvinnherad) og ikring 20 år som prest. «Reisande i koralar og trusartiklar» som han sjølv seier. Etter å ha vore prest i Hyllestad og Vik dei siste åra, gler han seg no til å gjere teneste ved orgelet att. Vi ynskjer han velkommen attende til Balestrand for nokre månader.



Flott resultat ved faste-aksjonen 2017

Tysdag 4.april gjekk konfirmantar, konfirmantforeldre, soknerådsmedlemer og andre bøssebererar frå dør til dør og fekk inn kr 25.770 i kontantar i bøsseane. I tillegg kom det inn 600 kr via SMS og 210 kr gjeve via VIPPS slik at totalresultatet i kommunen vart kr 26.580 til Kirkens Nødhjelp sitt viktige arbeid (2016: 27.250). Aksjonen vart arrangert for femtiande gong i år og fokuserte på reint drikkevatt og brønnbygging. Reint vatn kan redde liv - ureint vatn kan ta liv. 200 kr er nok til å gje eitt menneske sikker tilgang til reint vatn.

Det er framleis høve til å gje: Valfri sum via VIPPS til 2426 eller 200 kr ved å sende GAVE til 2426 via SMS.



Ved innlevering av bøsene vart det servert bollar og Twist. Med berre seks konfirmantar i årets kull var det kjærkome med god hjelp av nokre av fjorårskonfirmantane og andre bøsseberarar. Foto: Tore Brudvik

Gudstenester i St. Olavs kyrkje

Heile sommaren, frå torsdag 18. mai til onsdag 30. august, gjer anglikanske prestar teneste i engelskkyrkja i Balestrand, og dette er eit godt tilbod også til dei fastbuande i Balestrand. Det er fire korte kveldsgudstenester kvar veke: Tysdag, torsdag, laurdag og søndag kl. 21.00. Hovudgudstenesta med nattverd er søndag kl. 10.00.

Opningshelga **laurdag 20. mai kl. 21.00** og **søndag 21. mai kl. 10.00** kjem eit samansett kor frå den anglikanske kyrkja i Noreg og St. Edmunds church i Oslo. Det er ikkje gudstenester i Balestrand sokn sine kyrkjer denne helga, og Balestrand kyrkjelyd er då særskilt inviterte til å delta i dei engelske gudstenestene som vert ved Brian Russell, som er Senior Anglican Chaplain i Noreg.

Måndag 5. juni, 2. pinsedag, vert det ei felles, økumenisk gudsteneste på både norsk og engelsk, der Kjetil Netland deltek i lag med den engelske presten Stiiv Knowers.



Frå gudstenesta i St. Olavs kyrkje 2. pinsedag 2016 med Brian Russell og Kjetil Netland. Foto J.Risa

Dugnader på kyrkjegardane



Balestrand sokneråd kallar inn til dugnader på alle dei tre gravplassane våre:

- Sæle kyrkjegard onsdag 19. april (har vore)
- Tjugum kyrkjegard tysdag **25. april** frå kl. 16.00
- Kvamsøy kyrkjegard fredag **12. mai** frå kl. 17.00

Aktuelle arbeidsoppgåver er raking av gravplass og gangveggar, kosting av parkeringsplassen (Tjugum), klipping av busker, attfylling av søkk osv. På Kvamsøy vil vi også rydde rundt kyrkjegardsmuren og køyre bort gravminne som tidlegare er fjerna frå gravene. Ta med deg naboen, matpakke og aktuelle reiskapar – soknerådet stiller med kaffi og saft.

Det er kjekt å få ordna kyrkjegardane før konfirmasjonane og sommarsesongen, og det å jobbe dugnad i lag er sosialt og ein fin måte å bli betre kjende!

Frivillige til besøksteneste

Diakoniutvalet og soknepresten har drøfta besøksteneste i kyrkjelyden. Det har vore nokre personar som i lengre tid har besøkt personar heime og på institusjon. Prest og diakon har også besøkt personar som ein del av tenesta. I dag har me mindre ressursar. Her er ikkje diakon lenger, og det er då behov for fleire frivillige besøkarakar.

Kva er besøksteneste ?

Ein besøkarak oppsøker etter avtale ein eller fleire personar som ynskjer å ha nokon å snakke med, gjerne om kvardagslege ting. Å vera ein lyttar er ei viktig oppgåve for ein besøkarak.

Dette er kvardagsdiakoni, noko som alle kan gjera. Diakoniutvalet vil gjerne halde kurs for frivillige besøkarakar. Det har ein hatt god erfaring med andre stader.

Er dette noko for deg ?

Ta gjerne kontakt med underteikna eller kyrkjekontoret og meld di interesse.

Tore Brudvik, leiar i Diakoniutvalet

Mange på Addis, men plass til fleire!

Den 18. januar var det etterjulsoppstart på Addis med tjuetre born i alderen åtte til tolv år. Barnelaget har møta på Sygna annankvar onsdag, haust og vår.



Når forteljingane i Bibelen blir levandegjorde, er det spanande.

Samlingane byrjar med song, deretter andakt før det er mat. Bollar passar godt på denne tida av døgeret. Til sist er det ei økt med småsløyd og handarbeid.

«Då læresveinane fekk sjå Jesu herlegdom» var tema for andakten denne kvelden, og Trond Kråvik hadde god kontakt med dei unge. Han sytte for at biblar vart delt ut, og alle var konsenterte då teksten frå Matteusevangeliet vart lesen. Dei las høgt etter tur. I denne forteljinga kjem det fram korleis Jesus vart forandra for augo på læresveinane. Andletet skein som sola og kleda vart kvite som lyset, og han snakka med Moses og Elia. Det lydde ei røyst: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.» Og kva samtala dei om? Jau, om Jesu død for oss på Golgata. Dette kan samanliknast med sekundering på idrettsbana: No måtte ikkje Jesus gje opp, men stå løpet ut.

Peter var ein av dei som var med her. Dette skriv han om i eit av breva sine (2. Pet 1, 16-18), der han forklarar at evangeliet ikkje er «klokt uttenkte myter», men at han sjølv var augevitne og hørde røysta frå himmelen

Etter andakten er det nokre gonger orientering om misjonsprosjektet. Kvart år brukar Addis å vera med på eit slikt, og prosjektvideoar gir viktig kunnskap om andre land og kulturar. Denne vinteren er prosjektet i Kina og handlar om born som er att heime, medan foreldra er farne av stad for å ta seg arbeid langt unna. Ein kvardag utan foreldre kan vera vanskeleg. Eit av måla for prosjektet er at vaksne skal bli meir opptekne av born sin situasjon, slik at dei får det betre.



På Addis 15. mars – det triveleg å vera på barnelag. Bak frå venstre tre av leiarane: Audun Raubotn, Astrid Kleppe Holgersen og Berit Støle. Framme til høgre Anne Margrethe Kråvik.



Her er alt på plass: Saft, bollar og lodd



Med godt verktøy, kan sjølv vanskelege oppgåver gå greitt. Elias (t.v.) og Peter i fullt driv.

Ei matøkt er triveleg, og bollar og saft er alltid godt. Under måltidet kan det vera loddosal, der det som kjem inn går til misjonsprosjektet.


Etter måltidet er det tid for å laga noko. Det er to ulike grupper. Dei eldste kan velja småsløyd eller vera med på den store fellesgruppa. Det er moro og lærerikt å bruka hendene og skapa noko sjølv. Dei som vel småsløyd får øving i å bruka verktøy som hammar, svipenn, sag og jern for utholing. I den store fellesgruppa får dei øving i farge og form.

Tekst og foto: Helge Eilifsen

Sommarleirar på Lyngmo ungdomssenter, Hafslo

2-4. klasse	9. - 11. juni
4-7. klasse	16. - 19. juni
7-10. klasse	2. - 5. juni

Påmelding til sommarleirane byrjar 2. mai og du kan melde deg på ved å bruke påmeldingsskjema på www.lyngmoinfo.com, sende e-post til bua@lyngmoinfo.com eller ringe 57 68 43 66.



Arnborg Grinde takka av som friviljug klokkar i Tjugum kyrkje



Ved kyrkjekaffien i kyrkjestova påskedag 16.april vart Arnborg Grinde takka for tenesta som ein av fire friviljuge klokkarar i Tjugum kyrkje gjennom 14 år. Kjetil Netland og nestleiar i soknerådet, Åshild Sagevik, overrekte ei blomehelsing frå kyrkjelyden. Arnborg byrja i tenesta i 2003 i lag med tre andre kvinner. Også før dette var ho engasjert som tekstlesar ved gudstenester, og kyrkjelyden har alle desse åra kunna glede seg over tydeleg og engasjert formidling av bibeltekstlar og kunngjeringar framført på syngande jærmål.


Fargelegg!

Jesus fortalde læresveinane at han snart skulle dra tilbake til himmelen.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Den prateglade presten fekk eit godt råd av kona si:

– Ein god tale har ei god byrjing og ein god slutt. Og dei to skal kome så nær kvarandre som mogleg.


Vitsar

– Mamma, kan eg lese til eg sovnar?
– Ja, men ikkje eitt minutt lenger.

Finn 5 feil

Teikningar: Kari Sortland

Jesus trøysta læresveinane og lova å sende Den heilage ande så dei aldri skulle vere åleine. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**



Songglede og korfest i Tjugum kyrkje i februar



Den 12. februar kom barnekoret «Kor Brrra!» frå Vik på vitjing, og i lag med Baluba frå Balestrand sytte dei for korfest både i gudstenesta og i kyrkjestova med mat og leikar etterpå.

Kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland er hovudleiar i Kor Brrra! og var ansvarleg for opplegget rundt gudstenesta i lag med leiarane i Baluba, Aud Laila Heier og Gunn Berit Bøthun.



Mange fekk høyre påskebodskapen

Palmesøndag feira over femti menneske gudsteneste på Fjordtun (bilete over), skjærtorsdag var det sportsandakt i Saurdalen skiarena med oppunder førti framfmøtte. Prest Kjetil gjekk gjennom kva som hende dagane i påskeveka, og etter gudstenesta var det postar med spørsmål og premiar. Langfredag var det ti tekstlesarar i alle aldrar som formidla lidingsoga i Sæle kyrkje, og påskedag kom borna i Tjugum kyrkje syngande «Jesus lever» attende til kyrkja etter barnesamlinga og viste teikningane dei hadde laga av den tome grava.

Alle foto: J. Risa



Peter Hognestad bana veg for nynorsk i kyrkja:

Lang natts ferd mot dag

I jubileumsboka for Tjugum kyrkje blir det sagt at Peter Hognestad, biskop i Bjørgvin 1916-1931, var ein av dei som bana veg for bruk av nynorsk i kyrkja. Og dermed var interessa vekt for biografien med undertittelen «Språkstrid og heilag fred» som Per Halse, førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda, gav ut i fjor. I boka som er skriven på velklingande nynorsk og gitt ut på Samlaget, kjem ein tett inn på den biograferte. Teksten her byggjer for det aller meste på denne boka.

I dag finn ein det naturleg og rimeleg at nynorsk blir nytta i kyrkje, salmesong og kristeleg litteratur og at me har nynorsk bibel. Men slik var det ikkje for hundre år sidan. Då vart gjerne målsaka kopla med radikalisme, og det vart rekna som revolusjonært å arbeida for eit skriftspråk som bygde på talemålet.

Men først litt om bakgrunnen til Hognestad, som var fødd på Hognestad på Jæren i 1866. Han vaks opp i ein heim der dei var godt orienterte i det kristne landskapet, og fekk i tenåra avgjerande impulsar frå Lars Oftedal, forkynnararen og presten som seinare grunnla Stavanger Aftenblad. Hognestad studerte teologi ved Universitetet i Kristiania og avla praktisk-teologisk eksamen i 1892. Tre år seinare gifte han seg med Ella Aasland, også ho jærbu.

Same sommaren flytte Peter og Ella til Stavanger, der Hognestad tok til som sekretær i ungdomsforeininga Ynglingen, som den gong berre unge menn kunne bli medlemmer av. Etter eit aktivt år i Stavanger tok han hausten 1896 til som lærar ved Notodden private seminar, som gav lærarutdanning på kristen grunn. Deretter var han fem år stiftskapellan i Kristiania med særleg ansvar for bygdeungdom. Frå 1908 og fram til bispeutnemninga til Bjørgvin i 1916 underviste han ved Menighetsfakultetet.

Sunnmøringen Bernt Støylen, ivrig målmann og seinare biskop i Kristiansand, var styrar på seminaret. Åra på Notodden vart formande for Hognestad, som etterkvart vart sterkt engasjert i «målsaka». Bokhandlar Olaf Huseby utfordra han til å skriva nynorskversjon av gudstenesteliturgien. Hognestad tok denne utfordringa og arbeidde med dette gjennom vinteren, og rett etter påske 1900 leverte han arbeidet frå seg, men godkjenninga frå departementet kom først 1907. Dermed var nynorsk blitt offisielt gudstenestespråk - ein milepæl.

Den første nynorskbibelen Bibelselskapet sto for kom i 1938. Kvifor drygde det så lenge? Det kan vera interessant så sjå kven som dreiv fram denne saka. I 1880-åra fekk Samlaget sett om nytestamentet til nynorsk. Ved århundreskiftet var Elias Blix i gang med salmane, og etter at han døydd i 1902, vart det teke initiativ for å få større driv i saka. Departementet tok kontakt med Samlaget, som tok kontakt med Bibelselskapet. Men Bibelselskapet tok ikkje utfordringa, og det enda med at Samlaget sjølv tok saka vidare.

Hognestad var ein av dei som vart engasjert i dette arbeidet. Han gjorde ferdig salmane som Blix hadde byrja på, og Bibelselskapet sitt forlag gav ut dei 150 salmane til jul i 1904. Under omsetjingsarbeidet søkte Hognestad råd hos fleire, og Arne Garborg skriv: «Eg maa takka for <Salmane>. Eg hev lese dei no, og for fyrste Gongen kjent

deira poetiske Magt, - fyrr var det berre glimtvis eg kunde koma med i dei.»


Men arbeidet drog ut. Det hadde vore eit ønskje at nynorskbibelen skulle bli ferdig til grunnlovsjubileet i 1914.

Då det ikkje gjekk, kom det initiativ frå studentmållaget. I 1916 gjekk dei bort frå at alt skulle omsetjast frå grunnteksten, dvs hebraisk og gresk. I staden vart det prioritert at arbeidet ikkje måtte dra for langt ut, og i arbeidsgruppa som vart etablert finn me også Anders Hovden. I 1921 kom dei i mål. Denne første nynorskutgåva av Bibelen har gjerne blitt kalla Fyrebilsbibelen, Studentmållagsbibelen eller Seippelbibelen etter Alexander Seippel, professor i semittiske språk, som også hadde lagt ned eit stort arbeid i omsetjinga.

Hognestad har omsett nokre salmar som framleis syner livskraft. Ein av desse er julesalmen «Det hev ei rosa sprunge». Opphaveleg ei gammal, tysk Maria-vise, men Hognestad har sett sine tydelege spor i omsetjinga. Han har også signert omsetjingane av «So tak då mine hender» og «Leid, milde ljøs». Dette viser at salmar var noko som låg han nær. Det var eit sakn at det ikkje fanst ei salmebok med eit godt utval av salmar på nynorsk. Hovden sa det slik: «*me fær endaa finna oss i aa vera husmann under storgarden, til me sjølv skaper oss vaar eigi salmebok, og vert sjølvigarar*». Initiativet til nynorsk salmebok kom frå Samlaget, og det var eit prosjekt som tende trekløveret Hognestad, Støylen og Hovden. Arbeidet tok til på nyåret 1921 og Nynorsk salmebok vart godkjent for gudstestebuk i 1925. Hognestad gir oss dette glimtet frå arbeidet: «*Naar me so kom saman, las me salme for salme høgt, og gjorde dei brigde som me totte laut til. Paa den maaten hev me fare igjennom salmane saman 2-3 gonger. Det var rart med den lesingi. Me las etter tur, og me akta paa som skulegutar, at me vilde hava den tur me hadde rett til. For det var so gildt aa faa taka i munnen nynorsken i si høgste og mest adelege form og kjenna korleis formi sveipte seg mjukt om det høgste og djupaste innhald.*»

Det var ikkje lite Peter Hognestad vann på, og nyttårsønsket han hadde for året 1931, hans siste, fortel mykje om mannen: «Arbeidshøve, arbeidsevne, arbeidsvilje».

Tekst: Helge Eilifsen



Årsrapport 2016

Årsrapporten gjev eit godt oversyn over den kyrkjelege verksemda i 2016 med gudstenester, trusopplæring, arbeid blant vaksne, diakoni, kultur og alle utvala som er i drift. Årsrapporten gjeld også den administrative biten av arbeidet og gjev oversyn over tilsette, økonomi, kyrkjer og kyrkjegardar (vedlikehald, innkjøp, bruk av fondsmidlar). Statistikken viser utvikling i medlemskap og kyrkjelege handlingar, gudstenester og gåver/offer. Årsrapporten for 2016 vart vedteken av soknerådet 28.2.2017 og vart justert til v.1.1 etter tilbakemeldingar i soknemøtet på Nessane søndag 5.3.2017. Årsrapporten er lagt ut i pdf-format på heimesida til kyrkja på www.balestrand.kyrkja.no.

I trykt versjon kan du plukke med deg årsmeldinga frå biblioteket, kyrkjekontoret, kyrkjene eller rådhuset. Vi har ikkje rom for å ta opp att heile innhaldet her i bladet, men tek med eit par utdrag frå rekneskap og statistikk.

Årsrekneskap 2016

Same stader som årsrapporten finn du også trykte utgåver av Balestrand sokn sin årsrekneskap for 2016. Driftsrekneskapen kjem ut i balanse, men eigentleg var det eit meirforbruk (underskot) på ca. kr 49.000 i høve budsjettet. Etter reglane i økonomiforskrifta vart meirforbruket dekkja inn ved å stryke/reducere vedteken avsetning av mindreforbruket frå 2015-rekneskapen til disposisjonsfond frå ca. kr 137.000 til ca. kr 88.000.

Dei viktigaste avvika mellom rekneskap og budsjett som forklarar årsresultatet er lista opp i rapporten, men eit viktig moment er at vedlikehaldet for heile sørveggen i Tjugum kyrkje vart fullført i 2016 i staden for å ta arbeidet over to år. Dette var eit medvite val som gav ei innsparing totalt sett, men gav eit meirforbruk på vedlikehaldsposten på Tjugum kyrkje i 2016 på kr 45.000.



Fem flotte gutar frå femte klasse fekk kvar sin bibel i gåve frå kyrkjelyden i gudstenesta i Tjugum kyrkje 17. januar. Biblane har seinare vore i bruk på MINI-konfirmantsamlingar i kyrkja og kyrkjestova, der også fleire av 11-åringane var med. Kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland har hatt god hand om samlingane. Foto: J. Risa

Årsstatistikk 2016

Statistikk over medlemsskap / kyrkjelege handlingar

	2016	2015	2014	2013	2012
Medlemer, innmeldingar og utmeldingar					
Medlemer m tilhøyrande pr.31.12	936	963	991	1008	1037
... endring i tal medlemer frå året før	-27	-28	-17	-29	-17
Innbyggjarar i kommunen pr.31.12	1288	1294	1304	1306	1337
Medlemsprosent (medlemer av innbyggjarar i kommunen)	73 %	74 %	76 %	77 %	78 %
Innmeldingar (unnateke dåp)	1	1	0	0	2
Utmeldingar	13	0	1	0	1
Kyrkjelege handlingar					
Dåpshandlingar	10	16	14	13	7
... av desse dåp av personar med bustadadresse i soknet	7	10	9	7	3
Konfirmantar (forbønshandling):	17	12	21	14	16
Vigslar	3	9	7	9	3
... av desse vigslar der minst ein av ektef. hadde bustadadresse i soknet	1	0	1	4	2
... av desse vigslar av par utan lokal tilknytning* ("utanbygds" vigslar)	1	3	2	3	0
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet).	20	7	13	13	11

Nokre kommentarar:

Utmeldingstalet i 2016 er det høgaste som har vore i Balestrand nokon gong. Dei fleste av utmeldingane kom etter at elektronisk utmelding via Internett vart lansert i august.

Etter berre 7 gravferder i 2015, er 20 gravferder i 2016 det høgaste talet på ti år. Dei siste tjue åra er det berre 1998 som ligg høgare med 25 gravferder. Samstundes: Om vi ser 2015 og 2016 under eitt er gjennomsnittet av dei to åra 13,5, det same som gjennomsnittet for dei fem siste åra.

Offer, innsamlingar og gåver

Offer, innsamlingar og gåver	2016	2015	2014	2013	2012
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	120 501	142 450	127 146	134 482	106 730
... av dette til eiga verksemd	35 454	55 087	32 550	42 296	37 345
... til eiga verksemd i prosent	29 %	39 %	26 %	31 %	35 %
...gj.snitt per offer	2 678	3 031	2 957	3 127	2 668
Tal gudstenester/arrangement med offer	45	47	43	43	40
Fast gjevarteneste (frå 2014 berre AvtGiro ført her)	20 200	18 600	15 850	28 500	26 215
Andre innsamlingar og gåver (via giro (frå 2014), bøsseinnsamling fasteaksjon KN, til kyrkjestove, bladpengar, minnegåver, gåve frå Thorbj.legat)	122 554	264 335	157 854	159 331	72 169
... av dette til Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	26 650	26 450	24 770	23 120	21 537
... av dette til eiga verksemd (krkblad, kirkstov)	95 904	236 910	133 084	134 511	

Fast gjevarteneste

Frå 2014 har det vore mogeleg å gå inn i fast gjevarteneste til kyrkjelyden via AvtaleGiro. Det er gledeleg at denne delen av inntektene aukar for kvart år. Kyrkjelyden er avhengig av gåver for å drive trusopplæring og diakoni, og denne måten å løyse det på er enkelt for gjevaren, forenkler gåveadministrasjonen og sikrar føreseielege inntekter til arbeidet i kyrkjelyden. Dersom du vil vere med, så finn du skjema for AvtaleGiro i kyrkjene eller du kan ta kontakt med kyrkje-kontoret.

«Offerlegat» avslutta – Grunnkapitalen på 100.000 overført til kyrkjelyden

Sidan 1991 har soknerådet drifta eit «offerlegat» der renteutbytet av grunnkapitalen på kr 100.000 kvart år vart fordelt ut til offermottakarane ved alle gudstenester i Tjugum kyrkje. Etter 25 år, i 2016, skulle grunnkapitalen i tråd med den anonyme gjevaren sitt ynske gå til Balestrand sokneråd til kyrkjelege føremål, dvs. føremål som ligg under soknerådsfunksjonen til rådet. Denne overføringa er ikkje med i statistikktabellen over, men midlane er avsett til bun-de fond i rekneskapen i tråd med øyremerkinga. Dette er ei kjærkomen gåve etter at det meste av tidlegare gåvemidlar er brukt på kyrkjestova.

Martin Luther, 500 år med Guds Ord til folket

Den 31.10.2017 er det 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesene på norddøri i slottskyrkja i Wittenberg. Og dette er gjerne rekna for starten på reformasjonen. Tesene var “en protest mot en religiøs praksis som var kommet helt av sporet” skriv Lars Inge Magerøy i ei heilt ny bok om Luther .

Mykje er skrive om dette opp gjennom åri. Ei bok som kom i 2016 og som såleis er å få i dag, er sokneprest Lars Inge Magerøys “Munken som endret Europa. Reformatoren Martin Luther”

Denne letteste boki gjev svært god innsikt i det store arbeid Luther og hans medarbeidarar sto i. Ho er klar og får godt fram det saki dreiar om og passar godt som framhald etter dei fire kveldane om reformasjonen på bedehuset - ei viktig bok som bør få ein stor lesarskare. Luther var reiskapen Gud brukte til å få fram igjen evangeliet frå det veldige mørkret som hadde breidd seg i seinmiddelalderen.


Luther sjølv hadde kjempa ein svær kamp for å finna fram til ein nådig Gud. Han hadde bedt, skrifta, gått i kloster og utført ei mengd gjerningar for å få fred i sjela.

Det hadde ikkje hjelpt. Men i klosteret fekk han for fyrste gong ein Bibel. Det vart eit vendepunkt, og ved vidare studium i den fekk Gud visa han det klare evangeliet til frelse for mennesket ved tru på Jesus Kristus åleine utan gjerningar. Romarbrevet 1:16-17 var sentralt her, og Luther fekk sjå skilnaden mellom lova og evangeliet. Desse går saman gjennom heile Bibelen og Gud talar i begge. Gud anklagar og dømmer (lova) og tilseier forlating for syndene og evig liv (evangeliet). Lovi krev kva me bør gjera. Evangeliet gjev, gratis, det me bør ta i mot.

Pave Leo 10. trengde mykje pengar til bygging av den nye Peterskyrkja i Rom, og som prest møtte Luther mange som kom med avlatsbrev dei hadde kjøpt. Kjent var slagordet: “Når pengane i kista kling, straks sjela ut av (skjær)selden spring”, og i Tyskland vart det meir og meir opprør mot dei voldsomme pengekravi frå paven og kyrkja. Paven og keisaren ville helst ha Luther på bålet med det same, der så mange før hadde hamna. Men i Tyskland kunne dei ikkje det for folket, og heller ikkje kurfyrst Fredrik den vise gjekk med på det.

Luther var svært rikt utrusta, og Gud gav han mange gode medarbeidarar i det veldige arbeidet som måtte til for å få fram igjen det klare Guds ord. Elles var han òg salmediktar og tonesetjar. Og ikkje minst var han ein stor pedagog, det er nok å sjå i dei to katekismene me har.

Bibelen er klar, understreka han gong på gong. Og kampen var på fleire frontar. Fyrst og fremst mot katolsk vranglære, så mot filosofien som tok seg kraftig opp i renessansen og så mot mennesketankar som meir og meir sette seg til dommarar over Bibelens ord. Etter kvar vart det òg kamp mot svermarar, gjendøyparar og reformerte med fleire.



Kort må her seiast at Luther ikkje var ute etter paven og andre personleg. Mange pavar var gode kristne, meinte han. Hans sak var å få fram igjen Bibelens klare budskap frå dei avvik som rådde, og som lett kan koma tilbake om me ikkje er vakne. Mange teikn i tida talar sitt klare språk no og. Men arven reformatorane gav oss er ein god vegvisar, om me vil fylgja i deira spor.

Her er ikkje rom for så mykje, men Magerøy si bok er innom alt dette på ein god måte.

Ein av våre fremste kyrkjehistorikarar, Carl Fr. Wisløff, seier: «Dette er hovedsaken. Reformasjonen kom da Luther under sitt arbeid med Bibelen fant frem til dens budskap om frelse ved tro alene for Jesu Kristi skyld alene. Det “nye” hos Luther er fremfor alt det han kaller “hovedartikkelen”: Budskapet om at Jesus er død for våre synder og oppreist til vår rettferdiggjørelse, og at dette må bli tatt imot ved tro alene, uten noen gjerning og fortjeneste. Det er dette man har kalt reformasjonens materiale prinsipp. Men dette var jo i virkeligheten slett ikke nytt. Det var gammelt, det sto i Bibelen. Det som skjedde var at Skriftens eget budskap, som hadde ligget nedstøvet gjennom lange tider, kom for dagen igjen”. Wisløff: “Martin Luthers teologi”, Lunde Forlag 1983.

For den som vil lesa vidare har fleire av Luthers beste bøker vore å få på dansk og norsk heilt opp til det siste. Dei er vel verd å lesa, for dei har ein veldig tillit til Guds ord og inneheld ein evangelisk fylde ein finn i få andre bøker.

Seiast må til slutt - og det var ei hovudsak for Luther - at kristne fyrst og fremst må lesa sin Bibel og leva der. Så var han sjølvsagt klar på at det var kristne òg i andre kyrkjesamfunn, men dei var det då av di dei hadde teke imot frelsa i Jesus Kristus og levde i tru på han.

Gjennom heile kyrkjesoga har Gud vekt opp veldige vitne for si sak, og Luther er nok eit av dei største, om ikkje det største av dei alle. På kransen Natan Søderblom la ned på Luther si grav i 1922 sto det: “Til profeten fra Wittenberg, den største som etter Paulus er sendt til den alminnelige kristelige apostoliske kirke”, Ivar Welle: “Luthers liv og Luthers tro” 1946.

Det er 500 år sidan og markering i år. Les og bli glad og takksam for den gode og store arv me enno har mellom oss.

Audun Raubotn

Pinsetur til Hyllestad – påmeldinga har starta!

1. pinsedag, 4. juni 2017 er du velkomen til å vere med på tur til Hyllestad, der Balestrand kyrkjelyd vil feire høgtidsgudsteneste i Hyllestad kyrkje i lag med kyrkjelyden der. Audun Systad og Kjetil Netland deler på ansvaret for gudstenesta, og det vil bli omvising i kyrkja og vi et middag i lag. Det vil også verte høve til å sjå kvar Audun og Kari bur no.

Vi fordeler oss på privatbilar og deler på utgiftene. Siste nytt er at Balestrand songlag også vert med på turen og vil synge i gudstenesta.

Reis i lag med familie og vener! Påmeldinga har starta, og dersom du vil vere med på ein kjekk tur og samstundes få besøke «gamlepresten» i vakre Hyllestad, så ring eller send ei melding til kyrkjevevjer Jostein Risa på m.920 60 832. Påmelding innan 1. juni, jf. mat og reise.



I GLEDE OG SORG

Døde

27.12.2016 Atle Ytrefjord f.11.08.1926
Gravferd frå Tjugum kyrkje 06.01.2017

01.02.2017 Ragnhild Midttun f.26.09.1925
Gravferd frå Tjugum kyrkje 08.02.2017

27.02.2017 Klara Nessestrand f.25.05.1921
Gravferd frå Tjugum kyrkje 07.03.2017

06.03.2017 Randi Arnesen f.06.08.1946
Gravferd frå Tjugum kyrkje 15.03.2017

12.03.2017 Ingrid Sunde f.20.03.1946
Gravferd frå Tjugum kyrkje 17.03.2017

22.03.2017 Gunnvor Thue Urtegård f.06.06.1924
Gravferd frå Tjugum kyrkje 30.03.2017

Døpte

Ronja Petzsche (f.2010)

04.12.2016 i Tjugum kyrkje

Annonser



Balholm Auto AS
Holmamyrane
6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad
Tlf. 57 69 11 13

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall

GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING

Døgnvakt telefon:
577 14 700 / 959 86 000

Balestrand Taxi

S-113
mobil 959 56 113

S-116
mobil 959 56 116

**Gje ei gåve til
kyrkjestova
på konto
3705.13.19711**

Sogn
gravferdshjelp

Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.



57 69 42 40

www.midtnes.no

TAXI Frankén
mob. 959 86 000

Turbussar
Vi tilbyr også 10- og 17-setars
bussar med plass til rullestol
samt store turbussar
med 49 seter.



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

VIK ELEKTRO

Rune Målsnes
6893 VIK I SOGN
TV - Kvitevarer
Solskjerming - Glasservice
Mobil: 906 16 260
E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no

**VI ER HER.
ALLTID.**



22 40 00 40



RØYRVIK BYGG & BETONG

**FAGHANDEL INNEN
TRELAST OG BYGGEVARER**

Telefon: 57 69 65 60 / 955 55 138

Avd. Balestrand Ytre Ese 5, 6899 Balestrand



HARALD TJUGUM
Dragsvik 17
6899 Balestrand
M: 911 28 133

Melbys skrifthugging as

Inskripsjon, oppussing og sikring av gravminne

Knut Melby
Steinhoggerveien 5
6490 EIDE
Mob. 482 40 612

Kontaktperson
i Balestrand:
Steinar Grøneng
Mob. 482 62 878



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.
Døgnvakt telefon: 57 69 57 55

Konfirmant 2017

Frå hausten 2016 har det vore fem konfirmantar i Balestrand som har samlast omtrent annakvar torsdag etter skuletid. I tillegg er det ein konfirmant som har fylgt undervisninga i Høyanger. Mange av samlingane har vore utandørs ved Ja-steinen og konfirmantane har delteke på Kick-Off på Sygna, Ung messe i Feios kyrkje og gudstenesta på Fjordtun før jul. I januar var det kjekk konfirmantleir på Alværa i lag med konfirmantar frå Lavik og Hyllestad. I år vert konfirmasjonsgudstenestene i Sæle kyrkje og Tjugum kyrkje same dag, 30. april, og alle er velkomne både der og til samtalegudstenesta i Sæle kyrkje 23. april.



"Følg meg!"



Øving på ferja på veg til Ung Messe i Feios.



Konfirmasjonar i Balestrand søndag 30. april 2017

Tjugum kyrkje kl. 10.00:

Markus Feten
Viljar Alexander Isane
Andrine Sværen

Sæle kyrkje kl. 12.00:

Aurora Beathe Nokken
Børge Solvorn Sæle
Tom-Rune Sæle

Konfirmantåret 2017/2018

Infomøte for 14-åringar med foreldre i Tjugum kyrkje onsdag 10.mai kl.20.00

Utgjevar/Avsendar:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

23. apr, 2.sund. i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Samtalegudsteneste ved Kjetil Netland og konfirmantane. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.
30. apr, 3.sund. i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Dåp. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
30. apr, 3.sund. i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.12.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
14. mai, 5.sund. i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Romania (DNI). Barnesamling under preika. Nattverd.
17. mai, Grunnlovsdagen	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Søndagsskolen Norge.
21.mai, 6.sund. i påsketida	ST. OLAFS KYRKJE kl.10.00 Nattverdgdudsteneste på engelsk ved Brian Russell. Koret til den anglikanske kyrkja i Noreg og St. Edmunds church i Oslo syng og deltek også i liturgien. Koret er også med på kveldsgudstenesta laurdag 20.mai kl.21.00
25. mai, Helgetorsdag	KVAMSØY KYRKJE kl.12.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Båtskyss frå kl.11.00. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling ute under preika. Ta med mat og drikke til felles kyrkjekaffi.
28. mai, Sondag før pinse	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnesamling under preika. Nattverd.
4. jun, Pinsedag	HYLLESTAD KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Audun Systad og Kjetil Netland. Balestrand songlag deltek. NB! Dagstur for Balestrand kyrkjelyd til Hyllestad. Meld deg på til kyrkjekontoret.
5. jun, 2.pinsedag (måndag)	ST. OLAFS KYRKJE kl.10.00 Økumenisk gudsteneste ved Kjetil Netland og Rev. Stiiv Knowers. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
11. jun, Treeiningssundag	TJUGUM KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi med avskilsmarkering for kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland og kyrkjetenar Aleksander Dale.
18. jun, 2.sund. i treein.tida	STØLSBERG, Vetlefj kl.11.00 Friluftsgudsteneste ved ungdomsprest Andreas Danbolt. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Ta med mat og drikke til felles kyrkjekaffi.
2. jul, 4.sund. i treein.tida	TORSNESSTØLEN, Gaularfjell kl.11.00 Friluftgsudst. i lag med Gaular kyrkjelyd
9. jul, 5.sund. i treein.tida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved teologistudent Ole Kristian Hamre.
23. jul, 7.sund. i treein.tida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved teologistudent Gunnar Eldevik.
29. jul, Olsok (laurdag)	KVAMSØY KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Båtskyss frå kl.15.30 kr 40 t/r for vaksne. Ta med mat/drikke til felles kyrkjekaffi.
6. aug, 9.sund. i treein.tida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland.
20. aug, 11.sund. i treein.tida	KVAMSØY KYRKJE kl.12.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Båtskyss frå kl.11.00 kr 40 t/r for vaksne. Ta med mat/drikke til felles kyrkjekaffi.
27. aug, 12.sund. i treein.tida	TJUGUM KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Konfirmantpresentasjon.

Atterhald om endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida balestrand. kyrkja. no